ULSTEIN KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utvalg: **Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**
Møtestad: **Møterom Hasund, Ulstein rådhus**
Dato: **16.02.2012**
Tid: **14:00 – 16:10**

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Elling Lindset	Leiar	
Ragnhild Rinde	Nestleiar	
Karin Ertesvåg	Medlem	
Asbjørn Flø	Medlem	
Arthur Grønmyr	Medlem	
Tor Meinseth	Medlem	H
Hanne Notøy	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Janlaug Dimmen	MEDL	

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Nina S. Gjerdsbakk	Janlaug Dimmen	

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Verner Larsen	Ass. rådmann
Bjørg Haugland	Sekretær

Permisjonar/Ugildskap

Nina S. Gjerdsbakk fekk permisjon kl. 16.00 og deltok ikkje i handsaminga av sakene PS 12/7 og PS 12/8.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel
PS 12/1	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
PS 12/2	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
PS 12/3	MELDINGSSAKER
RS 12/1	FORVARSLING - DETALJPLAN - HOVSETMARKA 2 - ULSTEIN KOMMUNE
RS 12/2	REFERAT FRÅ MØTE I ELDRERÅDET
RS 12/3	MØTEPROTOKOLL
RS 12/4	"DET EUROPEISKE ÅRET FOR AKTIV ALDRING 2012"
RS 12/5	"DET EUROPEISKE ÅRET FOR AKTIV ALDRING 2012"
PS 12/4	UTTALE - REGULERINGSPLAN SAUNESOSEN - HOLMEN. ENDRING JOAKIMBAKKEN, GNR. 8, BNR. 304
PS 12/5	UTTALE - GNR. 8, BNR. 458 - PÅBYGG ULSTEIN HOTELL
PS 12/6	UTTALE VEDK. VEDERLAGSFORSKRIFTA
PS 12/7	ÅRSMELDING 2011 - FELLESRÅDET FOR ELDRE/MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE
PS 12/8	LEVEKÅRSPLAN - VAL AV REPRESENTANTAR TIL PLANARBEIDET

Eventuelt

- Ass. rådmann Verner Larsen orienterte om planane framover når det gjeld kjøp/bygging av omsorgsbustadar. Medlemmane i rådet stilte ein del spørsmål som Verner Larsen svara på.

- Ulstein pensjonistlag har peika ut 3 personar til å vere med i ein komité for å arrangere Eldrefest 1. oktober, Ulstein Hatlø pensjonistlag vart oppmoda om å peike ut nokon frå deira lag til å vere med i komitéen.

Ulsteinvik, 16.02.2012

Elling Lindset
leiar

Bjørg Haugland
møtesekretær

Ragnhild Rinde

Hanne Notøy

PS 12/1 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 12/2 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

Protokollen frå møte den 10.11.2011 vart godkjent.

PS 12/3 MELDINGSSAKER

Vedtak i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

Meldingssakene vart teke til vitande.

RS 12/1 FORVARSLING - DETALJPLAN - HOVSETMARKA 2 - ULSTEIN KOMMUNE

RS 12/2 REFERAT FRÅ MØTE I ELDRERÅDET

RS 12/3 MØTEPROTOKOLL

RS 12/4 "DET EUROPEISKE ÅRET FOR AKTIV ALDRING 2012"

RS 12/5 "DET EUROPEISKE ÅRET FOR AKTIV ALDRING 2012"

PS 12/4 UTTALE - REGULERINGSPLAN SAUNESOSEN - HOLMEN. ENDRING JOAKIMBAKKEN, GNR. 8, BNR. 304

Uttale frå Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

Fellesrådet vil peike på TR 1 sin auka trafikk på Joakimbakken. Då denne også vil verte nytta av gåande, må utforminga av vegen ta omsyn til dette.

Handsaming:

Framlegg frå Asbjørn Flø:
Fellesrådet vil peike på TR 1 sin auka trafikk på Joakimbakken. Då denne også vil verte nytta av gåande, må utforminga av vegen ta omsyn til dette.

Røysting:
Framlegget frå Asbjørn Flø vart vedteke med 6 mot 2 røyster.

PS 12/5 UTTALE - GNR. 8, BNR. 458 - PÅBYGG ULSTEIN HOTELL

Uttale frå Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil på det sterkaste rå til at ei eventuell ny heis, vert av ein slik storleik at der vil vere plass til transportbåre og at ein med god margin skal kunne snu ein elektrisk rullestol.

Handsaming:

Fellesframlegg:
Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vil på det sterkaste rå til at ei eventuell ny heis, vert av ein slik storleik at der vil vere plass til transportbåre og at ein med god margin skal kunne snu ein elektrisk rullestol.

Røysting:
Fellesframlegget vart vedteke med 8 mot 0 røyster.

PS 12/6 UTTALE VEDK. VEDERLAGSFORSKRIFTA

Vedtak i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

1. Fellesrådet støttar Pensjonistforbundet sitt framlegg om nedsetting av offentleg utval til å utreie finansieringssystem slik at utbygging av både omsorgsplassar og sjukeheimsplassar i den kommunale eldreomsorga skjer utifrå rein behovsprøving.

2. Vidare at tildeling av tenester og institusjonsplassar skjer med utgangspunkt i behov, ikkje kva som kortsiktig er lønsamt. Det vil seie at dagens ordning med to ulike finansieringsordningar for den kommunale eldreomsorga, på sikt vert harmoniserte.

3. Fellesrådet ber om at kommunestyret tek tak i den vanskelege plass-situasjonen på Alvehaugen.

Handsaming:

Framlegg frå Asbjørn Flø:

1. Fellesrådet støttar Pensjonistforbundet sitt framlegg om nedsetting av offentleg utval til å utreie finansieringssystem slik at utbygging av både omsorgsplassar og sjukeheimsplassar i den kommunale eldreomsorga skjer utifrå rein behovsprøving.

2. Vidare at tildeling av tenester og institusjonsplassar skjer med utgangspunkt i behov, ikkje kva som kortsiktig er lønsamt. Det vil seie at dagens ordning med to ulike finansieringsordningar for den kommunale eldreomsorga, på sikt vert harmoniserte.

3. Fellesrådet ber om at kommunestyret tek tak i den vanskelege plass-situasjonen på Alvehaugen.

Røysting:
Framlegget frå Asbjørn Flø punkt 1 vart vedteke med 8 mot 0 røyster.
Framlegget frå Asbjørn Flø punkt 2 vart vedteke med 6 mot 2 røyster.
Framlegget frå Asbjørn Flø punkt 3 vart vedteke med 8 mot 0 røyster.

PS 12/7 ÅRSMELDING 2011 - FELLESRÅDET FOR ELDRE/MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Vedtak i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

Årsmelding for 2011 frå Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne vert godkjend.

Handsaming:

Tilrådinga frå leiaren vart vedteken med 7 mot 0 røyster

PS 12/8 LEVEKÅRSPLAN - VAL AV REPRESENTANTAR TIL PLANARBEIDET

Vedtak i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, 16.02.2012:

Fellesrådet peikar ut desse to personane til å delta i arbeidsmøta i arbeidet med levekårsplanen:

1. Arthur Grønmyr
2. Hanne Notøy

Handsaming:

Framlegg frå Fellesrådet:
Fellesrådet peikar ut desse to personane til å delta i arbeidsmøta i arbeidet med levekårsplanen:

1. Arthur Grønmyr
2. Hanne Notøy

Røysting:
Framlegget frå Fellesrådet vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

----------o----------

Link vert sendt til:

1. Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
2. Rådmannen
3. Servicetorget
4. Kommunerevisjonen
5. VKUS v/Jostein Støylen
6. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune
Politisk sekretariat, 20.02.2012

Bjørg Haugland
sekretær